

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Skav

Tilleggsspørsmål nr. 7

Emne: Skav.

Oppskr. av: O. G. Rue

(adresse): Kravik

Fylke: Buskerud

Herad: Nore

Bygdelag: Muth i bygda

Gard: Nore . m . fl.

G.nr. 1

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ingen her som kjenner noko til at det har vori betalt meire for ei ku som hadde fått skav. Dei fleste her har vel helst berre bruka skav som hjelpefor og helst på vår-side når det tok til å minke på ^{det andye} fort. Enkelt småplasser kan vel ha bruka meire skav. Det har vori mange slike dårlege plassar her, men dei har stått øde i mange år.

2. Det er fleire som seier at kuene mjølka godt og heldt seg friske når dei fekk skav. Ingen kan hugsa å ha høyrte noko om at ei ku som hadde fått mykje skav, fekk svart kjøtt som var vanskelig å selja.

3. Det er ingen av dei eg har spurt ut som hugsar å ha høyrte noko om at det var farlig å gjeva kalvar eller smågrisar mjølk av ei ku som hadde fenge skav.

4. Det er ingen av dei eg har spurt ut, som har høyrte noko om at dei hadde noko visst mål på kor mykje skav dei skulle ha eller gjeva for kvar ku. Det er mykje som lyder på at reinsnose og malmose var viktigare tilskotsfor her i bygda.

5.

Det vanlige var å nytte ein vanlig tollekniv til å skave med. Dei brukte ein tollekniv med langt blad. Dei fløts her å hugse at bladet var rett.

6.

Det er ingen av dei eg har spurt, som hugsar å ha høyrte noko om nokon staur eller stolpe som rakk fra golvet og opp under beten.

7. Alle her i bygda hadde nok av skavskog. Det har i alle høve vore nok bjørkeskog til alle bruk.

8.

Det er ikkje kjent her at det ved deling av sam^{eige}skog vart teke omsyn til skavskog.

9.

Det er ikkje ålmening her i bygda i skogen. Det har vore sameige i skogen.

10.

Husmennene fikk lov til å ta skav i skogen av veden de brukte til brennved.

11.

Ordet skavhulla er ukjent her i bygda
såvidt eg har høyet

12.

Eg har ikkje ^{høyet} noko om at gardsmessen
kunne selja skavet på skavveden
eigen dersom ein hadde slurva med
skavinga. Det var vel nok å skava
av her.